

VEDLEGG Q1

Avtale
mellom

Husnes Butikkeiendom A/S og Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune	
15 JUNI 2017	
Saksnr.: 14/2871	U.off.:
Saksbeh.: JHK	Kopi:

17/2381 010

vedkomande bygging av forretningsbygg Rema 1000 på 143/194

Grunnlaget for avtalen er krav i Mellombels bruksløyve dagsett 27.09.2016, 3. prikkpunkt, for forretningsbygg Rema 1000 på Husnes: Forpliktande avtale om realisering av G6 må vera inngått før det kan skrivast ut ferdigattest.

Avtalen gjeld berre det tiltaket på 143/194 som er omfatta av rammeløyve 18.03.2015, endringsløyve 16.06.2016 samt igangsettingsløyve 15.02.2016 og 21.03.2016.

Dersom det vert søkt om nye tiltak på eigdommen som nybygg, tilbygg, påbygg eller endring av bruk, vil desse verta vurderte opp mot rekkefølgekrav og andre krav i til ei kvar tid gjeldande reguleringsplan samt eventuelle utbyggingsavtalar som til ei kvar tid gjeld for området.

1. Det framgår av referat frå førehandskonferanse den 19.11.2014 samt dispensasjonsvedtaket i rammeløyvet, at berre gågate G6 av tilstøytande vegar/gangvegar/gågater vart krevd opparbeidd i samband med tiltaket (forretningsbygg Rema 1000).
Veg 6 vart ikkje krevd opparbeidd sidan tiltaket ikkje fekk tilkomst/fordelar frå denne vegen.
2. Avtalen vil verta gjort gjeldande når G6 vert realisert i samband med utbygging på S9, eller ved separat kommunalt vedtak om opparbeiding.
3. Opparbeidingskostnadane for G6 skal fordelast på tilstøytande område i samsvar med refusjonsbestemmelsane i pbl §18-7, dvs dei totale utgiftene med G6 fordelt mellom dei refusjonspliktige areala med halvparten av kvar av faktorane tomteareal og tilleten utnytting
4. *Tilstøytande område* er sentrumsområda S7, S8, S9 i Detaljreguleringsplan for byen Husnes godkjend 20.12.2012.
5. *Areal og tilleten utnytting* er definerte ut frå denne delen av tabellen på side 26 i planomtalen (sist revidert 28.08.2012) til reguleringsplanen:

Sentrumsfor mål	Areal daa	% BRA (utnytting)	Etasjar	BRA m ²
S7	7,1	220	3-4 og 5	15 620
S8	8,3	220	4-5 og 5	18 260
S9	4,7	220	4 og 5	10 340
	Sum: 20,1			

6. Refusjonen skal betalast etter denne avtalen når G6 er ferdig opparbeidd i samsvar med Reguleringsføresegnene §9.5.5 for Detaljreguleringsplan byen Husnes og godkjent av kommunen.
7. Kommunen er ansvarleg for å samordna og organisera prosessen med det økonomiske oppgjeret etter denne avtalen.
8. Kommunen kan for eigen kostnad tinglysa denne avtalen som hefte på 143/194.

Rosendal/Bergen

Husnes Butikkeiendom A/S

14.06.2017



GRIEG ARKITEKTER AS
Fantoftveien 44 - 5072 Bergen - Norway
Tlf: 047 55 27 78 00 - Fax: 047 55 27 78 01
Bankgiro 5201 06 18150 - Foretaksnr: 980 649 822
post@griegarkitekter.no - www.griegarkitekter.no

GRIEG
ARKITEKTER AS

Husnes Butikkeiendom AS – REMA 1000 HUSNES – GNR/BNR 143/194 – sak 2015/42 - SØKNAD OM FERDIGATTEST

Vedlagt søknad om ferdigattest for nytt forretningsbygg til Rema 1000 Husnes.

Rekkefølgekrav – forpliktende avtale om realisering av gangvei G6

Rekkefølgekrav for opparbeidelse av felles gangvei G6 er i møter og korrespondanse med kommunen omforent i avtale om forpliktelse til å delta i realisering av gangvei G6 ved utbygging av S9 eller ved separat vedtak fra kommunen.

Avtale mellom Husnes Butikkeiendom AS og Kvinnherad kommune om deltagelse i opparbeidning av felles gangvei G6 vedlegges signert av Husnes Butikkeiendom. Ber om at 1 stk. eksemplar også signeres av kommunen og returneres til oss.

Bergen, 30.05.2017



Lorentz Grieg
Grieg Arkitekter AS